



Alver kommune
Havnevegen 41 A
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Britt Solheim, 5557 2334

Uttale - Oppstartsmelding - Alver - 188/406 420 802 mfl - Knarvik - detaljreguleringsplan for reinseanlegg - pumpestasjon - robuste bustadar

Vi viser til brev frå kommunen datert 19.06.2020. Saka gjeld oppstart av detaljregulering for reinseanlegg, pumpestasjon og robuste bustadar i Knarvik.

Bakgrunn for planarbeidet er at det skal byggast fleire bygg i kommunal regi i Knarvik sentrum i åra framover, det skal byggjast nytt reinseanlegg med tilknytt pumpestasjon, og omsorgsbustader for rus og samtidig psykisk lidning. I samband med gjennomføringa av områdeplanen for Knarvik er det trong for mellombelse parkeringsplassar tilknytt Helsehuset, samt vurdere køyretilkomst til felt o_BOP2 som ligg sør for Helsehuset. Delar av Kyststien skal inngå i ei heilskapleg planlegging av området og det skal etablerast universelt utforma møteplass i friområdet ved Kvasneset.

Kommunen har vurdert at det ikkje er krav om planprogram, men at det skal vurderast om arealendring knytt til reinseanlegget vil krevje konsekvensutgreiing (KU) etter vedlegg II i forskrift for konsekvensutgreiingar. Tiltak i vedlegg II skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn. Vi minner om at uansett om kommunen finn at tiltaket krev KU eller ikkje, krev planarbeidet grundige og utfyllande utgreiingar om dei aktuelle tema.

Fylkesmannen sine merknadar til oppstart

Fylkesmannen meiner det er positivt at kommunen går i gang med regulering av viktige offentlege funksjonar i Knarvik.

Strandsone

Delar av planområde ligg i strandsona og slik vi forstår det er det planlagt pumpestasjon, universell utforma møteplass og kyststi i funksjonell strandsona. Vi er i utgangspunktet positiv til at både kyststi og universell utforma møteplass skal plasserast i friområdet i strandsona. Dette er bra tiltak for allmenn tilgang til strandsona, friluftsliv og folkehelse i Knarvik. Vi vil likevel presisere at det er viktig å leggje vekt på god landskapstilpassing og minst mogleg terrenginngrep. I tillegg er det viktig å sikre allmenn tilgjenge til strandsona.



Vassdrag

Utløpet frå Kvassnesstemma går igjennom planområdet. Det er viktig å ta vare på vassdraget i vidare planarbeid. Vassdrag er viktige for å handtere overvatn, dei er viktige for naturmangfald og for trivsel og friluftsliv. Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr jf. vassressurslova § 11. Det må takast omsyn til det for alle tiltak i området, også for kyststien. Fylkesmannen er vassdragsmynde etter lova § 11.

Reinseanlegg og forureiningsforskrifta

Det skal byggjast nytt avløpsreinseanlegg i Knarvik, Kvassneset avløpsreinseanlegg. Områda som skal knytast til anlegget er Knarvik, Alversund, Alverstraumen og Flatøy. Det er opplyst i dokumenta at reinseanlegget er plasskrevjande. Prosesshallen skal vere om lag 55 m x 20 m. Det skal også byggjast ein personalbase og området må ha tilkomst for store bilar. Utsleppet er tenkt ført til mindre følsamt område i Osterfjorden.

Norconsult peikar på at det hastar med å få på plass nytt anlegg. Forprosjektet skal greie ut omfanget/storleiken på det tettbygde området. For samla utslepp over 10 000 personekvivalentar, pe, til sjø i tettbygd område, er Fylkesmannen forureiningsstyresmakt for alle utslepp større enn 50 personekvivalentar, pe. Kommunen er forureiningsstyresmakt for område der utsleppa er under 10 000 pe til sjø.

Fylkesmannen er forureiningsstyringsmakt for utsleppet, og forureiningsforskrifta kapittel 14 gjeld. I større, tettbygde område med utslepp til sjø, er det krav om sekundærreinsing. Kommunen må søkje om utsleppsløyve for det tettbygde området etter forureiningsforskrifta kapittel 14. Dersom det kan dokumenterast at utsleppa ikkje påverkar resipienten i negativ retning, kan kommunen søkje Fylkesmannen om løyve til primærreinsing.

Sjølv om primærreinsing blir aktuelt, må kommunen ved bygging av det nye reinseanlegget leggje til rette for at anlegget kan endrast for å overhalde strengare reinsekrav som sekundærreinsing.

I større tettbygde område bør tilknytingsgrad til kommunalt avløpsnett innafor det tettbygde området vere minst 98%. Avløpsvatnet frå bygningar skal knytast til offentleg avløpsnett, jf. § 27-2 i plan- og bygningslova. Avløpsvatn som blir behandla i avløpsanlegg over 50 pe og tilhøyrande oppsamlingssystem som midlertidig ikkje er tilkoplta kommunalt avløpsnett, skal gjennomgå tilsvarande reinsing som kommunale eller interkommunale anlegg, innafor det same tettbygde området.

Kommunen skal til ein kvar tid ha oppdatert dokumentasjon på utbredelsen av det tettbygde området i areal og storleik (pe utrekna som BOF_5 etter NS 9426 eller anna). Anlegget sin dimensjonerte kapasitet må vere i samsvar med tilført mengde avløpsvatn, inkludert eventuelt forureina overvatn, utrekna i den veka i året der tilført avløpsmengde er maksimal. Vi viser også til vårt brev av 21. august 2020 til Alver kommune, der vi ber om kvalitetssikring av oppdatert kart over tettbygd område frå SSB.

Dersom overvakinga av resipienten viser at utsleppet skader miljøet, må strengare reinsekrav oppfyllast innan sju år. Ny kunnskap om miljøtilstanden er døme på forhold som kan endre områdeinndelinga. Det er viktig at kommunen også har stort nok areal til å kunne byggje om anlegget, slik at kravet om sekundærreinsing kan oppnåast.

Kommunen kan gjerne ta kontakt med Fylkesmannen i Vestland for å avklare innhaldet i søknaden.



Naturmangfald

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

Fylkesmannen minner elles om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd.

På nettsida til [Miljødirektoratet](#) kan ein hente nyttige tips til planlegging.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Svein Kornerud
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

| | | | |
|------------------------------|---------------|------|-----------|
| Statens vegvesen Region vest | Postboks 43 | 6861 | LEIKANGER |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |